

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.05.2025

Vår ref.: 202221800-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for samanslåing, rehabilitering og utviding av Smørklepp I og Smørklepp II kraftverk i Vinje kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Statkraft Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for samanslåing og utviding av Smørklepp I og Smørklepp II kraftverk til nye Smørklepp kraftverk. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 04.07.2025

Om tiltaket

NVE har fått ein førespurnad frå Statkraft Energi AS, datert 31.10.2022, om vurdering av konsesjonsplikt for samanslåing, rehabilitering og utviding av Smørklepp I og Smørklepp II kraftverk. Kraftverka har vore ute av drift sidan 2020 grunna driftsproblem med Smørklepp I. I samband med påkravd oppgradering av Smørklepp I, ynskjer Statkraft å slå dei to kraftverka saman til nye Smørklepp kraftverk for å forenkle drifta og auke produksjonen. Dei vil samtidig auke slukeevne frå 4,3 m³/s til 12 m³/s. Tiltaket vil auke samla produksjon frå dagens 4,1 GWh/år til 9 GWh/år.

Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9126/v.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Dersom det er aktuelt å synfare prosjektet vil vi invitere dykk med.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9126/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202221800 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202221800 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **04.07.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Kjersti Sternang Kvie
seniorrådgivar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

VINJE KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS - Hallgeir Kleiv